

Tekst: Kva betyr det
Forfatter: Sindre Ekrheim

Denne teksten er skrevet i anledning lanseringen av tidsskriftet Kraftverk 66. Sindre Ekrheim var gjesteredaktør i dette nummeret. Lanseringen fant sted torsdag 17. november 2022 på Litteraturhuset i Bergen.

Kva betyr det

Tal gjer fenomen meir handgripelege. Utifrå den tanken kan vekta til ei fuglefjør seie ganske mykje om fuglen.

Me kan vege sola, eller iallfall berekne tyngda på både sola og jorda. Overslag finst over kor mykje den levande biomassen – det vil seie alt frå plantar, bakteriar, menneska og opp til blåkvalen – veg i verda. Det finst også anslag på totalvekta av alle menneskeskapte strukturar på jorda. På byrjinga av 1900-talet utgjorde dei menneskeskapte strukturane 3% av biomassens vekt. No overstig vekta av menneskeskapte strukturar all levande biomasse.

Dette er berekningar, matematiske overslag, målingar, tal. Det som ikkje er så lett å måle, er kva dette betyr – for oss.

Eg sa at me kunne vege sola, men sollyset i vindaugekarmen veg ingenting. Og om sollyset likevel har tyngd, vil det ikkje kunne målast, fordi dei ekstremt små partiklane – fotona – er raske og aldri står stille. Litt sånn er det også, tenkjer eg, med språket og skrifta: Bokstavane står stille på papiret, men det gjer ikkje tydinga.

Me kan få tidsskriftet *Kraftverk* til å stå heilt stille: Me kan skaffe fram tal for skrivrarar, innsende tekstar og lesarar. Sånn måler ein effekten til *Kraftverk*. Men i *talfestinga* glepp noko, tal grip ikkje fylden og kvaliteten i fenomena. Berre tenk kor reduserande det er å omsetje opplevinga av å skrive eller lese ein litterær tekst, til tal? Eg er ikkje motstandar av tal. Statistikk er nyttig. Ei matematisk likning kan vere skjønn, eg kan beundre symmetrien og balansen i ei likning.

Kva betyr det at tidsskriftet *Kraftverk* finst? Eg forsøker svare ved å ty til ei av dei eldste litterære formene som finst: Den *litterære likninga* – ei form me kjenner frå Bibelen. Det er ei enkel forteljing som demonstrerer ei sanning eller moralisk lærdom. Me fare for å høyra ut som ein prest, har eg laga følgjande likning.

Det var ei som drøymde om å gå på biblioteket og låne seg ei bok, men som aldri kom seg dit, for ho var så utslitn etter jobb. Kvar kveld sovna ho til tanken om å kome seg til biblioteket, og kvar morgon vakna ho til den same tanken med eit lykkeleg smil. Så døydde ho, utan å ha kome seg til biblioteket. Men om munnen hadde ho det lykkelege smilet.

Pedagogen i meg vil berre streke under at her ser me eit eksempel på at tekstar som har *eitt* bestemt formål, ofte blir veldig stiliserte.

Tidsskriftet *Kraftverk* finst på mange nivå. Nivået eg snakkar om, er tidsskriftet som *moglegheit*. Som moglegheit har tidsskriftet betydning også for alle dei som ikkje skriv, for alle moglege skrivrarar, også dei som ikkje er representerte som skrivrarar i tidsskriftet. Og sjølv om moglegheita aldri blir realisert av ein potensiell skrivar, vil *Kraftverks* betydning finnast for denne skrivaren. Sånn sett er tidsskriftet *Kraftverk* eit bilete på samfunn. Eit godt

samfunn held seg med rom det ikkje heilt veit betydninga av, anna enn at rommet fremjar eit mennesket som skapande og fritt og markerer ein plass me gjerne vil vere.

Solflekken i vindaugekarmen, som har flytta seg tre centimeter nærmare begoniaen, rommar alle moglegheitene mine. Men den solflekken veg ingenting.